



## **STATUS SNOANLEGG I HUKA PR. 14.12.09**

Vinteren har kome og arbeidet med snoanlegget i Huka har stade stille ei stund. Det er så mykje snø i Huka vi ikkje treng produsere kunstig snø.

Så langt kom vi . Vi har køyrd snøkanonene . Det har kome ut snø og vi har fått testa rørgatene med vatn og luft.

Det står tilbake å gjera seg kjent med utstyret i høve til trykk, temp m.m .Vidare er det ein del i høve til snøkanonene .



Her ser vi den store kanona.



Her står Tor Anders og Karel, også framfor den store . Dei har lagt ned ein stor jobb med å skruve saman pumpe, kompressor m.m .

Planen framover er at vi gjer heilt ferdig anlegget når vi kjem uti mars. Heile anlegget med løype skal vera klårt til hausten . Då bør vi ha skaffa oss litt erfaring i å laga snø på våren.

Vi ligg godt an i høve til budsjetta våre.

Lårdal 14.12.09

Sverre Bakke